

Frivilligfestival frå topp til tå!

12.08.2016



Lene G. Skjelnes og Mona Enes har leia frivilligruppa. Her på fritidsmess på Husnes.

Festidalen er 100% basert på dugnad og frivillighet. Festivalen skil seg ut ved at ingen vert lønna for innsatsen på annan måte enn ei enorm fellskjensle i eit sterkt sosialt fellesskap. Svært mange opplever dette så sterkt at dei berre må vera med år etter år. Om lag 330 deltok som frivillige i samband med Festidalen 2016.



[Ingen Festidalen utan frivillige. Frå infomøte for frivillige.](#)

Dei frivillige er sjølve fundamentet i Festidalen. Gjennom året jobbar 70-80 personar fordelt på 20 ulike arbeidsgrupper med å planleggja og førebu Festidalen. Sjølv med stor interesse for å vera frivillig, og svært mange som er med år etter år, er det likevel ei utfordring å få plass nok frivillige, seier Anbjørn Høivik i koordinasjonsgruppa for Festidalen.

- Vi har kome i mål kvart år, men dei to siste åra har dei siste ikkje vore i boks før laurdagen. Vi håpar vi kan få dette på plass i god tid før Festidalen startar. Det vil også gjera planlegginga lettare. Dessutan står og fell Festidalen på nok frivillige, seier Høivik, og er raus med rosen til dei tre i frivilliggruppa i år, Lene Gjuvsland Skjelnes, Mona Enes og Synnøve Skei.

- Dei har gjort ein kjempejobb og brukar eit datasystem som gjev fullstendig og god oversikt. Gjennom åra har Festidalen vore kjend for å stella godt med dei frivillige. Det er også gjort endringar som skal gjera frivilligjobben trivelegare. Eit viktig grep vart gjort då sponsoren Alliance+ vart engasjert til reinhald av toalett og hus. Dette året vart det leigt inn profesjonell bistand frå vaktelskapet Pro Sec til vakthald. Dette gjorde jobben som vakt mykje greiare. I år fekk ein også til ei betre rotasjonsordning på vaktene slik at dette vart meir interessant.

Mona Enes i frivilliggruppa fortel at det veka før festivalen var minst 75 frivillige i sving for å førebu festivalområdet. Det vert bygd telt, boder, rigga scene og pynta. I tillegg er det mykje folk i sving for å førebu alt rundt artistar, billettsal, marknadsføring, frivillige, mat, drikke osv.

- Fredag og laurdag var ca 150 frivillige i arbeid under sjølve arrangementet. I tillegg har vi over 30 frivillige på arrangement som føregår utafor festivalområdet, som Festidagen, Lambasleppet, Festitaren, Næringsseminaret og Foredragskroa, fortel Mona Enes vidare og understrekar at det er stor aldersspreiing på dei frivillige. Dei yngste er 16 år og det er fleire godt over 70.



Frivillige grillar.

- Vi har hatt ei flott frivilliggruppe i år. Mange av våre frivillige gir uttrykk for at dei trives og gjerne vil komma tilbake neste år. Det set vi stor pris på, avluttar Mona Enes som har styrt frivilliggruppa saman med Lene Gjuvsland Skjelnes og Synnøve Skei..

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Stig Framnes/Festidalen og Thor Inge Døssland